STATENS NATUR OPPSYN

Rapport 30 - 2005

Fjellheimen villreinområde

Oppsynsrapport for villreinjakta 2005



SNO, Direktoratet for naturforvaltning

Føreord

Villreinutvalet for Fjellheimen villreinområde ba i brev av 20. juni 2005 om at Statens naturoppsyn tok ansvar for leiinga av oppsynet i Fjellheimen villreinområde sesongen 2005. Dette medførde at SNO deltok med seks personar av eige mannskap i tillegg til lokalt engasjert mannskap denne hausten. SNO prøvde med eige mannskap å dekka helgane. I tillegg vart det gjort forsøk med å få til patruljer samansett av SNO-mannskap og lokalt mannskap/politi. Lokalt mannskap (ni personar) vart avlønna av Villreinreinutvalet/Voss kommune. Jaktperioden på villrein i Fjellheimen villreinområde varde frå 20. august til og med 30. september. Dette året var det skrive ut fellingsløyver på Kringsdalflokken (14), Volaflokken (30) og Vikafjellsflokkane (125).

Øvre Eidfjord 20.11.2005

Sverre Tveiten (Sign.)

Framside: Villrein. Foto: Terje Haugland.

Informasjon

Villreinutvalet og SNO gjekk saman om å trykkja opp informasjonsfoldaren ”Villreinjakt – Ditt ansvar som jeger” tilpassa Fjellheimen villreinområde med aktuelle adresser og telefonnummer. Denne blei send ut til valdansvarlege for utdeling til jegerane før jaktstart.

Villreinutvalet betente infotelefonen i heile jaktperioden. SNO sitt inntrykk er at denne infotelefonen i stor grad vert nytta som opplysningstelefon – men at jegerane i liten grad legg inn oppdaterte opplysningar om kvar reinen er observert. Har telefonen utspelt sin rolle i noverande form?

Mannskap

Dette året har lokale mannskap, politiet og Statens naturoppsyn teke del i villreinoppsynet i Fjellheimen villreinområde med villreinutvalet som oppdragsgjevar (sjå tabell 1).

Tabell 1. Oversikt over mannskap som har teke del i villreinoppsynet i Fjellheimen villreinområde.

Namn	**Tilhøring**
Jon Arvid Himle	Lokalt oppsyn
Einar Magne Jordalen	Lokalt oppsyn
Arne Nesheim	Lokalt oppsyn
Ivar Nesheim	Lokalt oppsyn
Roy Nilsen	Lokalt oppsyn
Knut Mykkeltveit	Lokalt oppsyn
Odd Skagen	Lokalt oppsyn
Arnkjell Sørestrand	Lokalt oppsyn
Kåre Olav Årmot	Lokalt oppsyn
Tore Gundersen	Statens naturoppsyn
Rein-Arne Golf	Statens naturoppsyn
Terje Haugland	Statens naturoppsyn
Ragni Nordås	Statens naturoppsyn
Egil Soglo	Statens naturoppsyn
Sverre Tveiten	Statens naturoppsyn

Politiet

Edvin Kaldestad, Voss lensmannskontor og miljøkoordinator ved Hordaland Politidistrikt, Terje Kvalvik, deltok på oppsynssamling på Voss. Politiet deltok ikkje i felt under årets villreinjakt.

Utført arbeid

Lokalt mannskap utførde totalt 212 timar i felt og mannskap tilsett i SNO utførde 172 timar. Samla utgjer dette 384 timar i felt. På grunn av at størstedelen av jaktaktiviteten var i Vikafjellsområdet, blei også ein vesentleg del av jaktoppsynet kanalisert til desse fjellområda.

Oppsynet prioriterte å vere tilstades der det var venta jaktaktivitet og sjå til at det blei utført ein forsvarleg jaktutøving, utan å overdrive kontroll av jegerane.

Rapportering frå Fjellheimen under villreinjakta 2005

Tabell 2. Oversikt over timebruk under villreinjakta i i Fjellheimen villreinområde i 2005.

Tal timeverk i felt	**Timar**
Lokalt oppsyn	212
Statens naturoppsyn	172
Politiet	0
Sum	384

Registreringar og kontroller

Tabell 3. Oppsummering av kontroller, åtvaringar og anmeldelser under villreinjakta i Fjellheimen villreinområde i 2005.

	Kontrollert	Åtvaringar (OPS)	Anmeldelser
Villreinjegerar	85	0	0
Fiskarar	0	0	0
Småviltjegerar	6	0	0
Lov om motorferdsel	0	0	0
Våpenloven	3	3	0
Luftfartsloven	0	0	0
Vegtrafikkloven	0	0	0
Andre forhold	2	0	0

Kommentar til villreinjakta 2005

Oppsynsoppgåvene vart prioritert slik
Informasjon, rettleiing og oppsyn til stades i terrenget.
Kontroll med viltlova sine reglar om human og sikker jakt og ettersøksplikt
Våpen i bil
Motorferdsel i nærleiken av veg (parkering i terrenget)
Lokal brosjyre for Fjellheimen (”Villreinjakt – Ditt ansvar som jeger”).
Blyhaglforbod – småviltjakta.

Jakt og jaktutøving
Jaktutøvinga til villreinjegerane er vurdert som god. Ingen tilfelle av inhuman jakt vart konstatert. Få skadde dyr vart observert. Skiftande vêrtilhøve gjorde at det ikkje alltid vart like effektiv jakt. Hovudparten av reinen stod i heile jaktperioden på austsida av Vikafjellsvegen på Austfjelli Vik sitt område. Dette medførde dårleg felling i andre deler av villreinområdet.

Nattefreding
Villreinområdet hadde nattjaktforbod i perioden kl.1900 til kl.0700. Oppsynet registrerte ikkje brot på nattjaktforbodet.

Samband
Betre internsamband vart etterlyst av fleire av oppsynet.

Våpenhandtering og ammunisjon (inkludert kontroll av blyhaglforbodet)
Det vart fokusert på desse forholda før jakta. I Fjellheimen vart det av lokalt oppsyn (utafor villreinoppsynet) levert inn ein anmeldelse på jeger for bruk av blyhagl. Det vart av villreinjaktoppsynet registrert tre OPS for brot på våpenlova (manglande våpenkort).